

Årsmelding 1984.

Arbeidsåret starta 11 febr. med årsmøte på Fjellheim, med fest etterpå. Sidan har det vori jamn aktivitet.

Felejentene hadde felekurs med Låkon Høgemo som lærar helgi etterpå den 18/19 febr. og sidan to helgar til den 3/4 mars og 17/18 mars.

17. mars var det fest på Hafslø. Der deltok laget med dansespel. Dette var ein samling for alle spelemannslag / bordspelklubar i kommunen. ~~Haf~~ Indre Hafslø spelemannslag sto for tilskipinga då, men det er meininga at det skal opå på omgang rundt om i kommunen.

24 og 25 mars var det Fykeruskapliken i Sande. Damarane stilte opp, og me hadde deltakar på fele. Laget stilte òg opp denne gongen. Dagrun H. og Harald B. møtte frå laget, på årsmøtet til Soan og Jordane folkemusikklag. Helgi 30, 31 og 1 april hadde me songkurs. Hilde Bjørkum var lærar, og me heldt til på Fjellheim. Dette deltok på kurset. Marit Elvekrok, Jarle Sperle, Aud Fossey, Anne-Lise Bakken, Mary Aasen, Dagnun Hesjevoll og Anny Nørberg. Spelemennene hadde spelving kvar veke, og det vart gjort forsøk med dansevring same kveldane, for kapplekserisongen starta opp, uten det store fram møte.

Laget hadde felles-tur til gamaldansfestivalen i Lom i juni. Me reiste med full buss, og det vart ein triveleg tur. Rasmund var sjåfør. Me hadde leigol campinghytter på Nordal camping. Laget stilte opp til konsertspel, og dansespel.

Felejentene hadde ein travel dag. Dei sprang frå ~~ein~~ eit lokale til det andre heile dagen. Dei spelte som eiga gruppe og saman med laget på konsert, og dei var på gamleheimen og underheldt i to avdelingar. Dei

spelte til "barnedans" og sidan samann med laget til fest. H. juli var laget til Solvorn/Ornes og underholdt ombord på eit norsk turistskip. Dette vart godt mottatte av turistane, men det vart lang ventetid på laget, somi rot på kaien på Ornes i 4 timar før dei slapp ombord. Spilemann og dansarar var til Sogndal, på Lagsamling i mai. Det var kapplege på Gol i mai og landskappleiken var i Odda i juni. Me hadde dansarar på begge to.

Frå søndag 22 juli til 28 juli var det "folkenemisk-veke" på jordbrukskulen på MO i Sunnfjord. Der hadde laget 6 deltakarar. Det var hardt program, med frokost kl. 8, og sidan var det spel, foredrag heile dagen, berre avbrøt av matpauser. Kl. 18 var den offisielle "skuledagen" over, men etter mat samla dei seg til spel og dans att. Og det vart gjerne midnatt før felene vart lagde i kassen. Men jentene storheivst og lærte mykje, så dei. Kursveka vart avslutta med konsert og dans ~~til~~ pedagskviden. Lørdag var det heimreis, men det vart ikkje tid til å slappe av før det. Det vart heim og sne for om kvelden var det Olsok-stemme i Gaupne, for alle laga i Luster. Og laget skulle bidra med danse-speling og andre gjøremål. Nokre av medlemmane var den helgi til "Førn-Hilme" kappleiken i Valdres.

Etter stemna i Lom vart "felejentene" kontakta av Harald Overå frå NRK. Han hadde bori tilhøyrar på Lom og hadde der "oppdaga" jentene som han sa. Han ville gjve opptak med dei, og 6 august var stova hjå leiaren omgjort til ~~radio~~-studio. ~~Jan~~ Jan Ove og Per var med, med komp. Programmet vart sendt i "Etter skuletid" 23 august. Heile laget spelte og eit par låtar i sendinga. Helgi 10/11 og 12 august var det Vestlandskappleik på Voss. Me ligde på nytt buss, og Åsmund køyrde, også denne gongen vart så mange med at me fylte opp bussen. Kappleiken

var på Voss folkehøgskule, ~~der~~ hadde me og innkvartering. Dansarane stilt opp og felejentene spelte som eiga gruppe. Du spelte og på ungdomskonsert, og vart svært populære. Det var opptog gjennom Voss, med spel og dans og konsert på gata. Jentene stilt seg opp på eit hjørne og spelte friskt i ein time, og det vart mange kroner til strengar i felekassen.

18 august hadde laget dansefest i "Dolheimen". Me selde heimelaga mjølse, og der var bra med folk. 2. sept. var laget til Gaupne og underholdt i samband med Røde-Kors veka. Etter omtale i avisa vart me kontakta frå Balesstrand ^{Røde kors} om å delta der og, men til tross for at dei ^{måtte} utsette sin planlagde dag, klaffa det dårleg ~~for~~ for oss.

6. oktober var det jubileumskappleik i Årdal i f.v.m. Sogn spelemannslag sitt 20 års jubileum. Mange av medlemmane reiste og deltok i dans og spel. Forunn og Arne tok der delt fyrste plass. i klasse B, og Lars og Sigrunn vann kl. A. Dei andre gjorde det og ~~gjod~~ godt. 9-10 og 11 november hadde me "reiseinstruktør" i laget ~~til Røgg og overna i Lom og Luster og Valdres.~~

Etter ynskje frå jentene vart det Lief Røgg. Han hadde denne gongen med seg kona, Stinar som og er ein god felespelar. så han hjelpte litt til med undervisninga. Søndagin var det basar i skulen. Og deltakarane + lærarane stilt opp der med litt underholdning. Og det vart eit populært innslag.

2. juledag spelte jentene på julefest i Framheim. Tredje juledag var heile laget med og underholdt på 60 års-jubileumet til "Dolheimen". og 5. juledag var det

julefest i Helselaget, ~~og~~ jentene var og med der.

Etter jul starta me opp att med spelvingane, me hadde farte spelvingar kvar veka og i haust. Me prøvde på nytt i haust med å ha danseving saman med spelvinga. men berre 3 sth. møtte opp. Og det vart ikkje gjort fleire forsøk. 19 og 20 januar hadde laget "folkemusikk-samling" på Fjellheim. S.F.F. ~~ha~~ skulle ha kurs for instruktørar i Song og det vart ~~planlagt~~ arrangert av ass. Anne Solberg frå Nordfjord var lærar og kurset hadde 5 deltakarar 3 frå vårt lag. Samstundes hadde me resten av songkurset frå -84. Hilde Bjørkum var lærar, dessverre var fleire av dei som var med på fyrste kurset forhindra men det vart med to nye så me vart 5 sth. Det vart ein triveleg samling. Om laurdagskvelden hadde me fest, med servering og ~~med~~ underholdning av alle som hadde delteke på kursa. Og laget og dei tilreisande dette på dansespeleinga.

9 og 10 februar var det "komp-kurs" i Fjelster. Jan Ove Krokgjeldet deltok frå laget. På forrige årsmøte var det vedteke å kjøpe ein bassgitar. Det fekk me eit godt tilbud på. og ~~Jan Ove~~ Jan Ove har spelt bass sidan me fekk den. Den doble kassetspelaren, opptakaren som og vart bestemt kjøpt i fjor. har me og kjøpt inn.

Laget hadde 5 styremøter, + nokre møter med andre lag, og nokre saker vart avgjort over telefon.

57 medlemar var me i laget i 1984.

Leivann møtte på formannsmøte, På Voss, Vestlandskapleiken.

Arbeidsplan

Denne helgi 15., 16. og 17. februar skulle det ha vore siste del av felekurset med Lief og Steinar Rygg. Trond Steine skulle og ha vore med. Då Lief fekk influensa måtte kurset utsettast til tinnar i vår.

Laget har oppdrag neste helg på årsmøtet til S.F.F. på Brekkestranda. Feljantem skal spela på PR-konert og laget til dans om kvelden.

9. mars er det "samling" på Styldalen. Laget skal vere med og spela til dans. Fylkeskapp likevel er i år i Høyen 23/24 mars. Laget har meldt på deltakarar.

Landskapp likevel er på Otta. Der skal det vere ungdomskonert med opptak til NRK i forbindelse med ungdomsåret. Dette er vel kanskje nokon for feljantem å vere til. Øving i spel må fortsetje.

Kanskje det er mogleg med eit gammaldanskurs no. Det største problemet har vore i fjor med gitar. Kanskje det er littare no med så stor tilvekst av dette lagn i bygda.

9. og 10. mars er det eit domarkurs. Kanskje nokon frå laget er interessert

Det vert sommankurs på Mo i år
også. Jentene er interesserte i å
reise.

Olsoh-stemna i Gaupne er det vart
lag som har kvordansvaret for i år

I april er det årsmøte i landslaget
i Stoyne. Me burde vel ha
et sending.